



Hindenes Hus  
Eidavegen 532  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1323 - 16/15035

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
03.06.2016

## Avvising av søknad - gbnr 212/129 Eikanger øvre

### Administrativt vedtak. Saknr:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av ny bustad. Det vert elles vist til søknad motteken 18.05.2016.

#### Planstatus

Det omsøkte tiltaket ligg i LNF sone med løyve til spreidd bustadbygging i kommuneplanens arealdel. I planperioden kan det byggast inntil 4 bustadeiningar her. Pkt. 5.12 i kommuneplanens føresegner lyder:

5.12 Det skal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar jord eller på samanhengande innmarksbeite. Avstand frå ny tomt eller nytt hus til driftsbygning i tradisjonell drift må vere minst 100 meter, og bygging må ikkje føre til auka trafikk gjennom gardstun. Vegframføring for nye tomter skal ikkje leggjast på dyrka eller dyrkbar mark. Vegframføring for tomter som er etablert før vedtak av denne planen, skal berre i unntakstilfelle kunne leggjast på dyrka eller dyrkbar mark. Heimel: Pbl § 11–11 nr. 2.

Eigedomen er tidlegare fulldyrka areal av mindre lettbrukt type. Det er no ikkje i drift, men kan sjølv sagt verte det på ny dersom tidene vert endra. Omsøkt bustad vil komme tett innpå driftsbygningen, og kravet om ein avstand på minst 100meter vil ikkje kunne oppfyllest. Sjølv om bygningen i dag ikkje er i bruk, kan det tenkjast at bygningen på sikt vert teke i bruk til landbruk.

#### Tidlegare sakshandsaming

Det vart gjeve dispensasjon frå punkt 5.12 i kommuneplanens føresegner for frådelling av to tomter i møte den 09.05.2012 (gyldig fram til 09.05.2015). Det ligg ikkje føre gyldig dispensasjonsvedtak for oppføring av ny bustad på denne eigedomen.

#### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Oppføring av bustad på eigedomen Gbnr 212/129 krev dispensasjon frå pkt. 5.12 i føresegnene til kommuneplanen for oppføring av bustad då det ikkje kan «byggjast på dyrka eller dyrkbar jord». Søknad om dispensasjon er ikkje sendt inn eller nabovarsla.

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 og § 19-1 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av bustad avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
Avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Magnar Eikanger

Mykingvegen 97 5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Hindenes Hus  
Lindås Rør & Sanitær AS

Eidavegen 532 5993  
Brukhovdane 1 5914

OSTEREIDET  
ISDALSTØ